


Årsplan



SFO på Skei skule

2022-2023



Årsplan 2022-2023

Planen bygger på rammeplan for SFO og vedtektene for SFO i Sunnfjord kommune



Denne hausten startar 36 born på SFO. Foreldre og føresette kan søke SFO-plass, eller endre plassen de har, heile året. I skuleferiane har Skei og Vassenden eit samordna SFO-tilbod på Vassenden skule.

I år er vi så heldige at vi får med oss Vegard Lofnes som lærling på SFO.

Kva er SFO?

Skulefritidsordninga (SFO) er eit fritidstilbod før og etter skuletid for elevar i 1.-4. klasse, og for elevar med særskilde behov i 5.-7. klasse. SFO på Skei skule jobbar for heilskap og samanheng mellom skule og fritidsdel. SFO skal gje borna eit variert fritidstilbod. Vi skal veksle mellom frileik og styrte aktivitetar inne og ute. SFO skal gje borna omsorg og tilsyn.

Nasjonal rammeplan for SFO finn du på sidene til Utdanningsdirektoratet:

www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan

Lokale vedtekter og prisar for skulefritidsordninga finn du på Sunnfjord kommune si

heimeside: www.sunnfjord.kommune.no

Informasjon som gjeld spesielt for SFO på Skei skule finn du på skulen si heimeside:

www.skei.skule.no

Aktivitetar på SFO

Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken, og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for, og støtte opp om, at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. Vi vekslar mellom frileik og organisert leik, og mellom inneleik og uteleik.

Fysisk aktivitet

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje bevegelsesglede og den motoriske utviklinga til barna. Vi brukar området til skulen til variert fysisk aktivitet gjennom SFO-året. Her har vi mellom annan tilgang på skogen ovanfor idrettsbana, bålhuset, hallen, gymsal og symjebasseng.

Forming og kreativitet

SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, som forming, musikk, dans og anna skapande verksemd. Barna får tilbod om å teikne og perle, og vi gjer ulike formingsaktivitetar som er knytte til tema, årstider og høgtider.

Mat og måltidsglede

SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Dei som ynskjer det, kan ta med matpakke og ete frukost når dei kjem om morgonen. Det er også høve til å ete på ettermiddagen for dei som treng det. Vi har eit felles matpakkemåltid rundt 13.30. Av og til lagar vi til noko godt på SFO. Det kan vere vaflar eller frukt, at vi bakar noko, eller at vi lagar bål og griller pølse.



Våre ynskje for SFO



SFO skal fremje inkludering og bidra til at alle barna har moglegheit til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. – Utdrag frå rammeplan for SFO.

På SFO ynskjer vi å:

- sette leik og aktivitet i fokus
- gje borna positive opplevingar kvar dag
- sjå kvart enkelt barn sine behov
- gje borna høve til medverknad
- vere tydelege og tilgjengelege vaksne
- lære borna å ta omsyn til kvarandre
- ha eit godt samarbeid med dei føresette

SFO ved Skei skule har fylgjande forventningar til foreldre/ føresette:

- De gjev melding i god tid når barnet ikkje kjem på SFO. Ring eller send melding til
- **40 44 60 30** før 08.50 på morgonen. Vi brukar ei meldebok mellom SFO og klassane. Personalet på SFO/skule gjev informasjonen vidare.
- De sender med borna høvelege klede og sko til ein SFO-dag, slik at ein kan vere både ute og inne.
- De sender med ekstra mat dersom borna skal ete frukost/ettermiddagsmat på SFO.
- De les og fylgjer opp informasjon frå SFO.
- De tek kontakt om de har spørsmål kring SFO-opphaldet til barnet dykkar.

Praktisk informasjon

Opningstider

Opningstidene til SFO vert fastsett før starten av kvart nye skuleår med utgangspunkt i kor mange påmelde det er til dei ulike øktene på SFO. Skuleåret 22/23 held SFO ope måndag, tysdag, torsdag, fredag 07.00–09.00 og 14.30–16.30, og onsdag 08.00–09.00 og 14.30–16.30. SFO er i tillegg ope måndag 12.00–14.30 og onsdag 12.45–14.30. De finn alltid gjeldande opningstider på heimesida til Skei skule.

Ferie-SFO

Vi har samordna tilbod om ferie-SFO på Vassenden skule i haustferien, vinterferien, påskeferien, juleferien, og dei to fyrste og to siste vekene av sommarferien. Vi sender ut informasjon om dette i Visma Flyt Skole i forkant av kvar ferie.

Skyss til og frå SFO

Rett på skuleskyss til og frå skulen gjeld berre den oppsette skuleskyssen når skuledagen startar eller sluttar. Det vil seie at elevar som nyttar SFO måndagar og onsdagar frå 12.00/12.45 kan ta bussen heim 14.30. Utanom desse tidene må de sjølve levere eller hente borna.

Leiker med på SFO?

Borna har ikkje høve til å ta med egne leiker på skule og SFO.

Måltid

På morgonen kan barna ete frukost på SFO dersom de ynskjer det. Ta i så fall med matpakke, og sei ifrå til oss på SFO at barnet skal ete her. På ettermiddagen måndag og onsdag har vi eit lite, felles måltid rundt 13.30. Det kan vere lurt å ha med ei ekstra brødskeive til dette måltidet. Det er også høve til å ete nistemat seinare på ettermiddagen for dei som treng det. Av og til lagar vi til noko godt på SFO. Det kan vere vaflar eller frukt, at vi bakar noko, eller at vi lagar bål og griller pølse.

Klede og Sko

Borna må ha med nok byteklede og gode klede til å vere ute i. Elevar frå 1. klasse nyttar knaggen i 1. klassegarderoben. Elevar i 2.–4.kl nyttar plass ved eige klasserom i gangen. Kleda må vere merka med namn.

Reglar på SFO

På SFO gjeld ordensreglementet til Skei skule, akkuart som i skuletida.



Tilsette ved SFO

Inger Elin Egge, SFO-leiar (dagleg drift)

E-post: inger.elin.hammerseth.egge@sunnfjord.kommune.no

Irene Befring, fagarbeidar

E-post: irene.befring@sunnfjord.kommune.no

Kari Skrede, assistent

E-post: kari.skrede@sunnfjord.kommune.no

Emil Erikstad, barne- og ungdomsarbeidar

E-post: emil.erikstad@sunnfjord.kommune.no

Vegard Lofnes, lærling

E-post: vegard.lofnes@sunnfjord.kommune.no

Maria Sture, SFO-leiar (administrativ)

E-post: maria.kristine.sture@sunnfjord.kommune.no

Organisering av SFO-dagen

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne med vaksen	<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne med vaksen	<u>08.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne med vaksen	<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne med vaksen	<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne med vaksen
<u>09.00–12.00</u> Stengt <u>12.00–14.30</u> Aktivitetar inne/ute	<u>09.00–14.30</u> Stengt	<u>09.00–12.45</u> Stengt <u>12.45–14.30</u> Aktivitetar inne/ute	<u>09.00–14.30</u> Stengt	<u>09.00–14.30</u> Stengt
<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute med vaksen	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute med vaksen	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute med vaksen	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute med vaksen	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute med vaksen
<ul style="list-style-type: none"> • Når morgon-SFO stenger 08.50, er det ein vaksen frå skulen som har tilsyn med elevane ute fram til skuledagen startar. • Kor mange vaksne som er på SFO varierer med kor mange påmelde ungar vi har, og med behova til ungene. 				

Årshjul for SFO

Tema for skuleåret 22/23

Årstider

Månad	Praktisk	Aktivitet	Mål
August	Skulestart og oppstart SFO måndag 15. august.	Vi vert kjende på SFO: reglar, rutinar, personale, dei andre borna, foreldremøte.	Born og vaksne skal bli kjende med kvarandre og bli kjende med rutinar og reglar.
September		Vi vert kjende og brukar nærområdet ved Skei skule. Bålhuset.Vi utarbeider felles reglar for korleis vi vil ha det på SFO.	
Oktober	Hautferie veke 41 (10.–14. oktober). Tilbod om ferie-SFO på Vassenden skule.	Haut – fuglar og dyr om hausten, FN dagen, Brannvern og brannøving.	
November	Elevfri dag fredag 4. november.	Kjeldesortering Farsdag, refleksdagen, oppstart telysjakta (lokal tilpassing)	
Desember	Siste skuledag før ferien 20. desember. Tilbod om ferie-SFO på Vassenden skule 21.,22.,23.desember, 27. - 30. desember.	Juleførebuing: bake, lage hemmelege ting, få ei roleg og koseleg førjulstid Prosjekt: telysjakta, samle brukte telyskoppar til gjennvinning.	
Januar	Første skuledag etter ferien er 3. januar. Elevfri dag 27 januar.	Leseprojektet: «bok i bruk på SFO». Besøke biblioteket: låne bøker. Telysjakta. Vi varslar ver og temperatur på SFO	
Februar	Vinterferie veke 8 20.–24. februar. Tilbod om ferie-SFO på Vassenden skule.	Fastelavn, morsdag. Telysjakta og leseprosjekt. Uteleik i snøen	

Mars	Siste skuledag før påske er 31. mars	Vårteikn Besøke miljøstasjonen. Enkel førstehjelp. Påskeaktiviteter	
April	Tilbod om ferie-SFO på Vassenden 3.- 5. april. Første skuledag etter påske er 11. april.	Vårteikn- blomster og trekkfuglar. Bålhuset og turar.	
Mai	Elevfri dag 19. mai.	Spikke, turar i skog og mark, 17.mai. Bålhuset.	
Juni	Siste skuledag før sommarferien er 20. juni. Tilbod om ferie-SFO på Vassenden dei to fyrste og to siste vekene av sommarferien.	Sommaravslutning for alle SFO arar Turar i skog og mark, Bålhuset.	Avslutte og gjere ferdig ting vi har jobba med. Rydde og gjere klart til neste skuleår.

Vel møtt til aktive og kjekke dagar på Skei SFO!